

Til Lindås kommune, plan- og miljøutvalet, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Klassering	
01.12.2015	
Ansvarlig	Lansett
14/2898	
Statist	Tilgjengelighet

Merknad til planframlegg – 2.gangs offentlig ettersyn av reguleringsplan for FV404
Kvamme- Fossevatnet med planID 1263-201112.

Me har følgjande merknader til planforslaget:

1. Positivt at arbeidet med reguleringsplanen og trafikksikringa for FV 404 er kome i gang att.
2. Planforslaget i 2. gongs handsaming er vesentleg endra i høve til 1.gongs handsaming, når det gjeld vegbreidde, og dermed inngrep på vår eigedom og naboeigedomane i Kvamslia.
Me ber om at de på nytt vurderer å gå bort frå 2-felts veg, og reduserer planlagt veg til 1-felts-veg og gangveg med total breidde på 8,0 - 8,5 meter, pluss møteplassar.
3. Om vegen vert regulert til 2 felt, vil det vera ein vesentleg fare for at farten aukar utover fartsgrensa på 50km/t, utan det vert gjort fartsregulerande tiltak
4. Vi viser elles til tidlegare innsendte merknader ved 1.gongs offentlig ettersyn av reguleringsplanen (ligg vedlagt). Mange av momenta me påpeikte der, er framleis aktuelle.

Kvamsvåg 27.11.2015

Helsing

Gro Skjellvik Jordal og Anne Røt Jordal

MERKNADER TIL REGULERINGSPLAN FOR FYLKESVEG 404 PÅ STREKNINGA
KVAMME - KRYSS VED VEG TIL FOSSEVATNET.

Det er svært positivt at Lindås Kommune no tek tak i arbeidet med å regulera og forbetra denne vegstrekkinga. Vegen gjennom Kvamslia er ein sær sams framkomeleg og farleg del av denne parsellen. Som nær nabo til og hyppig brukar av dette vegstykket gjennom 35 år, har me mange gonger vore vitne til og sjølv opplevd farlege og skremande situasjonar for alle sortar trafikantar. Opp gjennom åra har det skjedd både personulukker, mange små-kollisjonar og uttallege nesten-ulukker her. Spesielt er tilhøva vanskelege på glatt vinterføre. Fleire gonger har små og store køyretøy kome siglande baklengs nedover bakken, og skapt livsfarlege situasjonar for seg sjølv og trafikantar på veg oppover den smale vegen. Ein vinter mista ein buss kontrollen og kom fleire meter inn i hagen vår oppom huset vårt. Svært mange heldt dessutan ein altfor høg fart på denne uoversiktlege strekkinga. Langt over 50 km/t.! Det er berre flaks at det til no ikkje har skjedd større, alvorlege ulukker her. Vonleg vil ein ny og utbetra veg også gjera det mogleg å unngå dette for all framtid.

MERKNADER:

Først vil me påpeika at grenselinja vår mot vegen er delvis feil innteikna på kartet, då me ikkje har avstått grunn slik det viser. Dette medfører eit større reelt inngrep enn det som går fram i planen. Våre følgjande merknader og krav i høve til reguleringsplanen vil i hovudsak ta utgangspunkt i faktorar som angår vår eigedom, 141,17, som me i utgangspunktet ynskjer minst mogeleg inngrep på. Det kan nemnast at det eldste bustadhuset på tomten vår har vegtilknytning mot FV 404.

I punkt 10 peikar me på det omfattande dugnadsarbeidet, som tidlegare vart gjort for å betra tilhøva vedrørande trafikksikring/gangveg, kommunal vassstilførsle, bygging av ballbane og det å få flytta høgspenlinja frå luft- til jordkabel.

Eit viktig delmål i dette arbeidet var å få lagt både vassledning og høgspenkabel i grøft i samband med ei fleire gonger planlagt vegutbetring gjennom Kvamslia. Sjølv om vassledningen no går gjennom borehol i fjellet, vonar me likevel at det framleis er mogleg å nå målet med å få høgspenlinja i jordkabel i veg-grøfta. Dette punktet angår fleire grunneigarar utanom oss.

Viser til Rikspolitiske føringar, Kommuneplanen og ulike punkt i reguleringsplanen og føresegnene, som angår merknadane.

1. VEGLINJA LANGS EIGEDOMEN I SØR-AUST

Underskrivne gjorde på førehand Lindås kommune merksam på uheldige moment knytt til den hastige bygginga og plasseringa av borehol for vassledningen gjennom Kvamslia (profil 200-400) og ny mur på austsida av vegen (profil 350). Inngrepa ville etter vårt syn koma i konflikt med den komande vegutvidinga. Det verkar difor uhørt for oss, at boreholet og muren no berre 2 år seinare, vert brukt som argument for å flytta vegen lengre inn på vår eigedom. Me krev at den nye vegtraseen vert flytta inn i terrenget på austsida av vegen her, eller at fortauet vert gjort smalare forbi muren, i staden for å bli lagt ut på ny mur mot vest, slik planen foreslår.

Dette for å behalda ein størst mogleg og trygg avstand til vegen for oss, og for å unngå auka støyplager for eigedomen generelt, men spesielt for soveroma, som ligg i den delen av huset vårt.

I dette området av eigedomen finst det dessutan eit vass-tilkoplingspunkt med leidningar for 3 husstander, ei vedbu og ein felles kloakkledning.

Om vegen vert utvida mot vest her, vil me krevja omfattande støytiltak, betongrekkverk (profil 350-410) og erstatning for tapt vedbu.

2. SIKRING, STØY- OG INNSYNSSKJERMING

Heile austre del av eigedomen vår (ca 95m) grensar mot FV 404 med alt det medfører av støy, ureining og innsyn. Trafikken har gått opp svært mykje siste åra og me har i stigande grad vorte belasta med desse negative faktorane. Ein utbetra veg medfører også høve til større bustadbygging i området nord for oss, noko som klart vil gje auka støyproplem for oss som bur så tett til vegen.

Det er difor sterkt ynskjeleg å få opp skjerming mot støy og innsyn på strekkja profil 350-410.

Vi krev også å få erstatta gjerdet, som gradvis har vorte øydelagt av brøyting og anna veghald, langs resten av veglinja.

3. VEGRETT OG TILKOMST TIL «GAMLEHUSET»

Vi krev, at det vert tatt omsyn til eksisterande vegtilknytning og tilkomst til «gamlehuset» vårt, og at denne må teiknast inn i planen. Vi kan godta at vegen vert flytta lengre nord på tomta, til ca. profil 435.

Vegen til «gamlehuset» ligg på nivå med hovudhuset vårt, og vil kunna nyttast som ei universell løysing, om det vert trong for det seinare.

4. TRÆR LANGS VEGLINJA.

På eigedomen langs vegen veks det nokre over 60 år gamle trær (profil 350-410). I forslaget til reguleringsplan står det at ein vil føreta ei nærare avklaring knytt til vegutbetringa og trea. Vi kan akseptera, at dei vert fjerna, om det vert sett opp ein innsynsskjerm istadenfor. Trea skjermar no eigedomen mot innsyn frå vegen og har såleis stor miljømessig verdi for oss.

5. OVERVATN /FLAUMVATN

Eigedomen vår er utsett for mykje overvatn frå vegsystemet nedover Kvamslia. I periodar med mykje regn er vi plaga med at flaumbekkar trengjer inn i kjellarane på husa. Det er ein føresetnad at det vert lagt eit fullverdig og velfungerande overvass-system i samband med vegutvidinga .

6. BYGGJEGRENSE

Vi ber om at det må fastsetjast redusert krav om byggjegrense for eigedomen vår i høve til vegen si midte såleis; 5 m forbi «gamlehuset» og 8 m for resten av tomten.

Det vil då verta mogleg å utnytta eigedomen til fleire formål utan vidare dispensasjonar frå veglova.

7. FARTSGRENSE

Av tryggleiksgrunnar bør fartsgrensa verta redusert til 30km/t med humpar i området forbi vår eigedom og helst om mogeleg frå profil 200 til 700.

8. AVKØYRING TIL KVAMSVÅG

Vi ber om at avkøyringa for kommunal veg til Kvamsvåg vert flytta omlag 10m lengre nord frå dagens avkøyring , dvs frå profil 460 til 470, for å betra stigninga og trafikktryggleiken i krysset. Fylket eig grunnen her.

9. MØTEPlass I KVAMSLIA.

Me trur ikkje at det er lurt å utelata møteplass midt oppe i Kvamslia, slik det ser ut i planen. I samband med butikken og anna næringsverksemd lengre ute køyrer det mange store køyretøy her. På vinterføre og elles kan det bli langt og vanskeleg å rygga for å koma forbi einannan.

10. SAMARBEID/DUGNADSARBEID OM INFRASTRUKTUR

Informasjon /bakgrunn.

I åra 1980-2002 pågjekk det eit omfattande sam- og etterkvart dugnadsarbeid i bygda for å betra tilhøva vedrørende trafikksikring/gangveg, kommunal vasstilsførsle, bygging av ballbane og det å få flytta høgspenlinja i luft mellom bustadane i Kvamsvåg til jordkabel. Fortau og vassledning var då kome til Tveiten, og ein konsentrerte arbeidet om strekningen derifrå og ut til ungdomshuset i Kvamsvåg. Pådrivarane i bygda la ned svært mykje tid til dette arbeidet og søkte m.a. om trafikk-sikringsmidlar til

byggjing av fortauet. Det vart halde mange møter med grunneigarar, Lindås Kommune, Nordhordland Kraftlag (BKK), Statens Vegvesen og Ungdomslaget i denne tida.

Grøft langs vegen frå Ungdomshuset til Kvamslia vart laga og i denne vart det lagt ny vassledning og ca 300m trekkjerøyr for høgspenkabel i jord (profil 400-700). Gjennom Kvamslia vart vassledningen midlertidig plassert på utsida av vegen i påvente av komande vegutbetring og då planlagt leggjing i grøft saman med jordkabel for høgspenlinja.

Det vart verkeleg jobba i åresvis med å få til eit tenleg felles anlegg og ein korridor for infrastruktur til bustadområdet og bumiljøet i området. Utan denne innsatsen frå bygda hadde nok ikkje fortauet og vassledningen vorte prioritert og kome nordover mot Kvamsvåg så fort.

Takka vere dugnadsinnsatsen vart fleire av delmåla for bygdefolket nådd; trygg framkomst for mjuke trafikkantar frå Tveiten til Kvamme, ballbane ved ungdomshuset, offentleg vasstilførsel for svært mange abonnentar frå Tveiten til Ungdomshuset i Kvamsvåg og delvis tilretteleggjing for leggjing av høgspen i jordkabel.

Innsatsen gav også kommunen ei stor økonomisk besparing og ei hjelp til fortgang i dette arbeidet.

Ynskje om vidare samarbeid.

Private utbyggjarar og grunneigarar nordom Kvamsvåg har også kunna hausta fruktene av dette gratisarbeidet. Mykje takka vere denne tidlege innsatsen kunne offentleg vatn lettare og raskare førast vidare nordover til Ytre Fosse og bustadsfeltet der.

I samband med dette arbeidet har BKK nyleg også lagt den tidlegare høgspenlinja i luft om til kabel i grøft på strekninga Indre Fosse - Ytre Fosse med omsyn til bustadmiljøet.

Vi krev at dette også vert gjort gjennom bustadområdet i Kvamsvåg, då denne linja både båndlegg og begrensar mange eigedomar i dette ettertrakta området på same vis som på Fosse, både helse- og miljømessig og for vidare utbyggjing og utnytting. Det kan nemnast at dagens høgspenlinje går gjennom området, som er omfatta av den varsla reguleringsplanen for bustadfeltet i Furhovden. Sjølv har me også tenkt på å eventuelt byggja fleire bustader på vår eigedom.

Vi ser det som særst gunstig og samfunnsbesparande å få høgspenlinja ført i jordkabel samstundes med vegutbetringa, ved at det vert lagt ned høgspenkabel/evt trekkjerøyr (ø100mm) i det nye fortauet på strekninga, profil ca 200-400 og vidare fram til profil 700.

Sjølv om denne reguleringsplanen har trafikksikring som hovudmål, kan den også omfatta arbeid med infrastruktur, slik det står i planen.

Vi håpar på vilje til koordinering i denne saka og ber med dette om at Lindås Kommune tar initiativ og innkallar berørte grunneigarar og BKK til eit møte om høgspenlinja før reguleringsplanen vert tatt opp til godkjenning.

Det er elles generelt sett uheldig at det ikkje vert innkalla til eit folkemøte ved framlegginga av ein så stor og omfattande plan.

Gjennom perioden med dugnads-arbeid i bygda var tanken å samarbeida for å nå betre og høgare mål. Vonleg kan denne intensjonen førast vidare framover saman med Lindås Kommune og andre for eit godt bumiljø.

For oss i Kvamsvåg utgjer forbetringa med vegen den kanskje viktigaste endringa knytt til samferdsle og infrastruktur i uoverskueleg tid!

Godt å vita at me bur i kommunen med følgjande motto : « Der draumar blir røyndom » .

Me har drøymt i over 30 år!

Kvamsvåg 04.08.2012

Venleg helsing
frå

Gro Hjellvik Jordal og Arnljot Jordal